



# Meland kommune

Kartverket Tinglysing  
Postboks 600 Sentrum  
3507 HØNEFOSS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/69 - 18/3984

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

26.02.2018

## Krav om sletting av Føderåd gbnr 1/140

Meland kommune skal gjennomføra samanslåing av 1/140 med 1/261- Flatøy. Før dette ynskjer heimelshavar å få sletta eit føderåd for avdøde Monsina Johansen ( f. 1888- d.1981).

Føderådet er registrert i grunnboka : 1950/632-1/51, 14.02.1950 og retten er overført til bnr 140 frå bnr 4 ved skylddeling i 1962.

Vedlagt er kopi av aktuell side i bygdeboka for Meland der vedkomande er registrert med pikenavnet sitt Monsine Martoline Karlsdotter Odland, gift med Tobias Jonsson Flatøy. Desse eigde bnr 4 fram til 1950, då dette føderådet vart oppretta.

I dag er 1/140 eit ubebygd restareal etter vegbygging på 251 m2.

Vedlagt ligg også brev frå grunneigar Alf Flatøy, som er etterkomar av avdøde, der han ber om at hefter vert sletta.

Vonar dette er tilstrekkeleg dokumentasjon til at de kan sletta dette føderådet.

Med helsing

Anngunn Marie Gullbrå  
fagansvarleg gis/geodata

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Vedlegg Føderåd gnr 1 bnr 140  
Krav om sletting av rettane på GBNR 1/41 og 1/140

